

Forskings – og innovasjonsstrategi 2020-2023

Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest,
Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger og
Høgskulen på Vestlandet

Innhald

1. Visjon og mål
2. Bakgrunn og forankring av strategien
3. Regionalt samarbeid
4. Sentrale dokumenter og styringssignal
5. Omgrep og definisjonar
6. Årleg gjennomgang av forskning – og innovasjonsstrategien

1. Visjon og mål

Strategien skal leggje til rette for forskning og innovasjon av høg kvalitet samt bringe inn ny kunnskap innan spesialisthelsetenesta sitt virkefelt. Dette skal bidra til å gi helsetenester med høg kvalitet, til nytte for og tilpassa pasienten og tenesta, i tråd med regjeringa sitt mål om skape pasienten si helseteneste.

Strategien skal gje retning til samarbeidsorganet på oppgåver som ligg innanfor institusjonane sine samarbeidsområder. Den skal fange opp føringar i overordna mål og prioriteringar. Strategien skal vere eit praktisk verktøy for handtering av forskingsmidlane i Helse Vest, og skal gje rammer for tildeling av konkurranseutsette og strategiske midlar, nedfelt i årleg reviderte retningslinjer.

Visjon

Forskning og innovasjon i Helse Vest skal ha høg kvalitet og nytteverdi, gi ny kunnskap og bidra til trygge og effektive helsetenester.

Med dette meiner samarbeidsorganet at:

- Forskning og innovasjon i Helse Vest skal bidra til gode helsetenester for innbyggjarane i Helse Vest-området. Det inkluderer at tenestene har høg kvalitet, er trygge, brukarane medverkar, praksis er kunnskapsbasert, tenestene er innovative og effektive, samt at kompetent helsepersonell er tilgjengeleg i godt organiserte verksemdar og under god leiing.
- Forskning og innovasjon skal vere av høg internasjonal kvalitet og av sentral betydning for helsetenesta. Den skal samtidig ha ein eigenverdi som kulturberar og vere eit fundament for kunnskapsutviklinga og verdiskapinga i samfunnet.
- Det skal vere god samhandling mellom utøvarane innan helse og samfunn slik som universitet og høgskular, instituttsektoren, kommunane og norsk næringsliv med målsetting om auka nasjonal økonomisk utvikling.

Mål 1 Forskning og innovasjon i Helse Vest skal vere av høg kvalitet og til nytte for pasienten og tenesta

Tiltak

- Fordele forskingsmidlane ut frå vurderingskriteria vitskapeleg kvalitet og nytte for pasienten og tenesta. Nyttevurderinga skal likestillast med kvalitetsvurderinga i vurderingar av søknadar om forskingsmidlar.
- Styrke satsinga på formidling av forskingsresultat til brukarar, behandlarar, myndigheiter og befolkninga. Dei som får tildelt midlar har ansvar for å formidle forskingsresultata og den nytte desse kan ha for tenesta.

Mål 2 Forskning og innovasjon i regionen skal vere nasjonalt og internasjonalt konkurransedyktig

Tiltak

- Sette i verk fleire stimuleringstiltak for å auke tal og kvalitet på søknadar til EU og NFR slik at fleire kan nå opp i konkurransen og få tildelt midlar

Samarbeidsorganet vil:

- Styrke samarbeidet mellom forskning og næringsliv for å bidra til auka verdiskaping av forskinga, og for å styrke forskingsmiljøa sine gjennomslag i EU og NFR.
 - Arbeide for vidareutvikling og harmonisering av insentivordningar for helseføretak, universiteta og Høgskulen på Vestlandet.
 - Stimulere til betre samarbeid mellom universitet og helseføretak i utarbeidinga av NFR-søknadar og EU-søknadar.
 - Utvikle betre rådgiving og forskingsstøtte for forskarar i heile regionen.
- Arbeide for betre utnytting av forskning- og innovasjonspotensiale som ligg i helsedata og forskingsbiobankar.

Mål 3 Brukarmedverknad i forskning

Tiltak

- Vere ein pådrivar for reell medverknad i forskning.
- Støtte opp om og stimulere til auka kompetanse og kunnskapsutveksling mellom både brukarar og forskarar.
- Legge til rette for informasjon til forskarar og vurderingskomitear i søknadsprosessar om korleis brukarmedverknad vil vere føremålstenleg.
- Understøtte at forskarar rekrutterer riktig brukarkompetanse.

Mål 4 Samarbeid mellom regionale, nasjonale og internasjonale forskingsaktører

Tiltak

Regionalt samarbeid

- Arbeide for ein god samarbeidskultur og hindre samarbeidsbarrierar mellom sektorane.
- Vidareutvikle samarbeid om forskingsinfrastruktur og kompetanse.
- Ivareta og styrke forskingssamarbeid mellom alle helseføretaka og utdanningsinstitusjonane i regionen.
- Stimulere forskingsaktørane i regionen til samarbeid med kommunane og næringslivet.
- Ivareta og styrke forskingssamarbeid mellom alle helseføretaka og utdanningsinstitusjonane i regionen.

Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

- Støtte etableringa av nasjonale nettverk der det er behov for slike, jf. føringar i oppdragsdokumenta frå Helse- og omsorgsdepartementet og i HelseOmsorg21 strategien/handlingsplanen.
- Understøtte deltaking i nasjonale studiar.

Understøtte og auke samarbeidet med leiande internasjonale fagmiljø.

Mål 5: Innovasjon: Forsking i kombinasjon med innovasjon som bidreg til ny behandling, nye tenester, kunnskapsarbeidsplassar og nytt næringsliv i regionen.

Tiltak:

- Bidra til at forskingsmiljøa får betre gjennomslag i nasjonale og internasjonale konkurransearenaer som NFR og EU, gjennom eit styrka samarbeid med næringsliv.
- Stimulere til auka verdiskaping av forskning, samt auka samarbeid mellom forskingsmiljø og næringsliv gjennom bruk av VIS (Vestlandets innovasjonselskap) , Validé og Kunnskapsparken i Sogn og fjordane.
- Sikre at IKT infrastruktur er på eit sikkert og høgt internasjonalt nivå, noko som vil bidra til å styrke, utvikle og legge til rette for eit godt samarbeid mellom forskingsmiljøa, Helse Vest IKT og IKT- aktørar i regionen.

Mål 6: Kopling mellom utdanning, forskning og innovasjon – kunnskapstriangelet

Tiltak

- Leggje til rette for forpliktande samarbeid mellom helseføretaka og utdanningsinstitusjonane om rettleiing og tema til masteroppgåver, og sikre at dette er i tråd med behovet i helsetenesta.
- Leggje til rette for at helseføretaka og utdanningsinstitusjonane samarbeider om forskarskular og delte stillingar.
- Arbeide for at studentar i større grad vert involvert i forskingsprosjekt med innovasjonspotensiale.
- Arbeide for god tilrettelegging ved samarbeid mellom helseføretaka for legar i spesialisering som tar forskarutdanning

- Bidra i arbeidet med å etablere kontaktar mot næringslivet i arbeidet med å kople utdanning og forskning til innovasjon, og at tidspunktet for kommersialisering avgjerast i samråd med TTO-ane (VIS, Validé, Kunnskapsparken i Sogn og fjordane).

Avgrensing

Strategien omhandlar samhandlingsområda mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger og Høgskulen på Vestlandet (jf. samarbeidsavtalen).

Forskning og innovasjon har ein universell karakter, og forskingsprosjekta har eigenverdi gjennom det å skape og formidle ny kunnskap. Forsking, innovasjon og bandet til universitets- og høgskulemiljøa er viktig for å oppretthalde og utvikle vitalitet og fagkompetanse i sjukehusa.

Strategien omfattar forskning og innovasjon, og bygging av forskingskompetanse i form av forskarutdanning.

2. Bakgrunn for og forankring av strategien

Helse- og omsorgsdepartementet gir instruks til dei regionale helseføretaka om å samarbeide med universitet og høgskular. Instruksen vart sist revidert i 2013, og skal sikre at samarbeidet tek hand om 1) saker innan helseforskning og innovasjon av gjensidig interesse 2) universiteta og høgskulane sine behov for undervisning, opplæring og rettleiing av studentar og 3) at utdanning og forskning er i tråd med behova til spesialisthelsetenesta.

Samarbeidsavtalen¹ mellom Helse Vest RHF, Universitetet i Bergen, Universitetet i Stavanger og Høgskulen på Vestlandet om forskings- og utdanningsoppgåver regulerer samarbeidet². Avtalen fastset samarbeidsform, og gjensidige rettar og plikter for å sikre eit godt og resultatretta samarbeid. Det er oppretta to samarbeidsorgan: eit innan forskning og innovasjon og eit innan utdanning.

Forskningsstrategien er utarbeidd med utgangspunkt i instruks og samarbeidsavtale. Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon har fått følgjande mandat:

Samarbeidsorganene skal drøfte saker av felles interesse. Hver av partene plikter å bringe saker av felles interesse opp i samarbeidsorganene på et tidlig tidspunkt og før beslutning treffes i partenes respektive beslutningsorganer. Samarbeidsorganene har en rådgivende funksjon for de besluttende organer i helseforetaksgruppen i Helse Vest og i utdanningsinstitusjonene i saker som gjelder forskning, innovasjon og utdanning. Samarbeidsorganet for forskning og innovasjon skal bl.a.

- *innstille til styret i Helse Vest om tildeling av statlige øremerkede tilskudd til forskning*
- *utarbeide forslag til felles regional forskningsstrategi innen samhandlingsområdene*
- *arrangere forskningskonferanse*
- *dele ut forskningspriser*

¹ Samarbeidsavtalen signert våren 2017 bygger på bestemmelser i Lov om universitet og høgskuler av 12. mai 1995 nr. 22, Lov om helseføretak m.m av 15. juni 2001 nr. 93, vedtekter for Helse Vest RHF fastsett ved kgl.res. 31. august 2001 med seinare endringar og instruks til styret i Helse Vest RHF sist i føretaksmøte 24. mai 2013.

² <https://helse-vest.no/vart-oppdrag/vare-hovudoppgaver/forskning/regionalt-samarbeidsorgan-for-forskning-og-innovasjon#mandat-og-strategi>

2.1 Forskarutdanning

I åra framover vil det vere endringar i demografi og sjukdomsbildet i befolkninga. Utviklinga av nye behandlingsformar og –metodikk, logistikk, samt digitaliseringa av kommunikasjon og medisinsk teknologi, gjer at helse- og omsorgstenestane må vidareutviklast. Dette må bygge på resultatane frå forskings- og innovasjonsverksemda. Formålet med Helse Vest sine forskingsmidlar er at dei skal medverke til å sikre forskingsaktivitet i helseføretaka, og auke produktiviteten, kvaliteten og nytten av forskinga.

På denne bakgrunn skal ein vesentleg del av midlane gå til forskarutdanning og bygging av forskingskompetanse. Det er ei målsetting å ha spesialistar med forskingskompetanse som er i stand til å halde seg oppdaterte innan eige fagfelt, som kritisk kan vurdere ny kunnskap og ta denne kunnskapen i bruk i den kliniske verksemda. Med ansvar også for spesialistutdanninga av legar, har føretaka og ein strategisk moglegheit til å byggje utdanningsløp som sikrar både spesialitet og doktorgradar tidleg i karrieren.

Gjennom fleire år har omlag 60 % av tildeling til nye prosjekt, gått til doktorgrads- og postdoktorstipend. I tillegg kjem satsing på kliniske forskarstipend og karrierestipend. Forskarutdanning inngår som ledd i satsinga på forskning i sjukehusa, og det vil også i framtida vere eit viktig satsingsområde.



2.2 Rammer for Helse Vests forskingsmidlar

Minimum 75 % av forskingsmidlane skal tildelast gjennom ein ope søknadsprosess utan tematiske føringar. Samarbeidsorganet kan tildele inntil 25 % til strategiske satsingar. Grunnleggjande endringar i fordelinga mellom opne og strategiske midlar skal avgjerast av styret i Helse Vest.

Alle søknadar om forskingsmidlar blir vurdert av komitear med medlemmer frå institusjonar utanfor helseregion vest. Søknader til Helse Vest sine forskingsmidlar skal vurderast ut frå dei to likestilte kriteria *vitskapeleg kvalitet og nytte for helsetenesta*.

Rammer og retningslinjer for forskingsmidlane er tilgjengeleg på Helse Vest sine nettsider om forskning: <https://helse-vest.no/vart-oppdrag/vare-hovudoppgaver/forskning/forskningsmidlar>.

3. Regionalt samarbeid

Forskningskvaliteten skal styrkjast gjennom bygging av regionale nettverk. Eit godt samarbeid mellom institusjonane i regionen er ein føresetnad for å kunne nå opp i konkurransen om eksterne forskingsmidlar. Det er også utarbeida [retningslinjer](#) for å fremje regionalt forskingssamarbeid. Retningslinjene skal gjelde for samarbeid mellom helseføretaka/dei private ideelle institusjonane i regionen (heretter omtala som sjukehusa). Retningslinjene gjeld og for Sjukehusapoteka Vest (SAV).

Regionalt samarbeid er vektlagt ved vurdering av søknader om forskingsmidlar i den opne søknadsrunden.


For dei **strategiske midlane** er det utarbeidd retningslinjer der regionalt samarbeid er eit viktig element:

- *Forankring*: Regionalt samarbeidsorgan for forskning og innovasjon forventar forankring i det føretaket som får hovudansvar for satsinga, og at føretaket ser det som sitt ansvar å vidareføre og vidareutvikle det etablerte forskingsmiljøet i regionen sin føretaksstruktur ved utløp av finansiering.
- *Regionalitet*
- Ikkje alle satsingar vil vere dekkjande for heile regionen, men satsingane skal alltid vere opne for deltaking frå andre aktuelle fagmiljø i regionen. Dersom satsinga ikkje lukkast med å få med relevante fagmiljø vert det forventa at satsinga orienterer det aktuelle helseføretaket ved fag/forskningsdirektør.
- *Inkludering av andre føretak*: Dei regionale satsingane har ansvar for å invitere alle aktuelle og relevante miljø frå dei andre føretaka med i satsinga sin aktivitet.
- *Fordeling av strategiske midlar*: Midlar skal fordelast etter den aktuelle aktiviteten som skissert i søknaden, dette må vere avtalt på førehand. Det er ikkje noko mål at midlane skal fordelast til føretaka etter størrelse.

4. Sentrale dokumenter og styringssignal

HelseOmsorg21-strategien vart utvikla i eit samarbeid mellom universitets- og høgskulesektoren, sjukehusa, kommunane, næringslivet, offentlege etatar og brukarar³. Strategien understrekar behovet for å byggje god samarbeidskultur, og peika på 10 hovudområde for å møte utfordringar i helse- og omsorgstenestene og samtidig gi næringsutvikling:

³ For meir informasjon om dei 10 hovudområda; sjå <http://www.forskningsradet.no/servlet/Satellite?c=Page&pagename=helseomsorg21%2FHovedsidemal&cid=1253985487298>).



Aktuelle samarbeidsområde for samarbeidsorganet er:

- Betre klinisk behandling
- Høg kvalitet og sterkere internasjonalisering
- Helsedata som nasjonalt fortrinn
- Helse og omsorg som næringspolitisk satsingsområde
- Samarbeid med kommunehelsetenesta
- Auka brukarmedverknad
- Globale helseutfordringar

Samarbeidsområda er sentrale i dei årlege styringsdokumenta og tildelingsbreva til sektorane, og vert supplert gjennom andre sentrale dokument og samarbeidsarenaer, mellom anna:

- Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2015-2024
- Nasjonal strategi for tilgjengeleggjering og deling av forskingsdata
- Retningslinjer for brukarmedverknad i forskning
- Nasjonal strategi for forskings- og innovasjonssamarbeid med EU
- Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning i spesialisthelsetjenesten
- Samarbeidsforumet mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet (oppretta i 2017)

5. Omgrep og definisjonar

Forskning er saman med pasientbehandling, opplæring av pasientar og deira næraste, og utdanning av helsepersonell dei primære ansvarsområda til helseføretaka, jf. spesialisthelsetenestelova § 3-8.

I dette dokumentet meiner vi med helseforskning «verksemd som utførast med vitenskapleg metodikk for å skaffe ny kunnskap om helse og sjukdom» jf. Helseforsningslova⁴ §4a.

Vidare heiter det at «lova gjeld for medisinsk og helsefagleg forskning som involverer menneske, humant biologisk materiale eller helseopplysningar» jf. §4b.

Helsetenesteforskning er definert som «eit fleirfagleg vitenskapleg felt der ein studerer korleis sosiale faktorar, finansieringssystem, organisatoriske strukturar og prosessar, helseteknologi og personelladferd påverkar tilgang til helse- og omsorgstenestar, kvaliteten og kostnadane ved helse- og omsorgstenestar, og endeleg helse og velvære (Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning⁵ (NSG), 2012.

Med brukarmedverknad i forskning meiner vi i denne samanheng at pasientar, brukarar og dei pårørande sine erfaringar skal nyttast til betring av tenestene, jf. «Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten»⁶.

Kliniske studiar «bidreg både til oppdatert kunnskap om sikkerheit og effekt av ny behandling og kunnskap om behandlingresultat i klinisk praksis» (Stortingsmelding 28, 2014-2015, s.137)⁷.

Behovsidentifisert forskning «inneber at det må etablerast system for kunnskapsinnhenting, spissing av problemstillingar, involvering av pasientar og andre brukarar, evaluering og prioritering av kva slags problemstillingar det bør forskast på» (Stortingsmelding 28, 2014-2015, s.146)⁸.

Innovasjon må i denne samanheng vere kopla til forskning som bidreg til ny behandling, nye tenester, kunnskapsarbeidsplassar og nytt næringsliv i regionen.

Med dette som utgangspunkt vert innovasjon i forskning – og innovasjonsstrategien definert som «*eit nytt produkt, ein teneste, ein ny produksjonsprosess eller ny organisasjonsform som skapar verdiar som auka kvalitet, auka effektivitet, auka produktivitet i helse – og omsorgssektoren og auka tilfredsheit hos pasientar, pårørande og tilsette*» (Helse- og Omsorg21 strategien s.113).

6. Årleg gjennomgang av tiltaka i forskning- og innovasjonsstrategien

Samarbeidsorganet vil årleg gjennomgå forskingsstrategien for å vurdere kva mål og tiltak som bør prioriterast i det aktuelle året.

⁴ Lov 20. juni 2008 nr. 44 om medisinsk og helsefagleg forskning (helseforsningslova)

⁵ <http://helseforsk.no/>

⁶ <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2016-10-28-1250>

⁷ [Stortingsmelding 28 \(2014-2015\)](#)

⁸ [Stortingsmelding 28 \(2014-2015\)](#)